

## Kjersti Næss Finne

---

**Fra:** Stalheim Synnøve <synnove.stalheim@vegvesen.no>  
**Sendt:** fredag 10. juni 2016 15:14  
**Til:** Kjersti Næss Finne  
**Emne:** VS: Utviding av planområde - Aurland og Voss - E16 Nærøydalen - Reguleringsplan

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no [mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no]

**Sendt:** 5. august 2015 09:45

**Til:** Firmapost-Vest <firmapost-vest@vegvesen.no>

**Emne:** Utviding av planområde - Aurland og Voss - E16 Nærøydalen - Reguleringsplan

Vi viser til brev dagsett 02.07.2015, dykker ref. 2013/039275, med uttalefrist 26.08.2015. Saka gjeld varsel om utvida planområde for reguleringsplan med konsekvensutgreiing for skredsikring av E16 i Nærøydalen.

I uttalen vår til oppstart av planarbeidet vart det m.a. peika på:

*"Planane må sikre at minst mogleg dyrka mark vert nedbygd ved val av trasé mellom Sleen og Fyre. Ved eventuell omdisponering må jordressursane takast vare på og nyttast til landbruksføremål."*

Vi har elles ingen merknader til varsel om utvida planområde.

Med helsing

Christian J. Alstad  
seniorrådgjevar, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 20.08.2015  
Vår ref.: 2014/17253-11  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.: 2013/039275-104

## Fråsegn til melding om utviding av planområdet for Skredsikring E16 Nærøydalen - Statens vegvesen

Vi viser til brev datert 02.07.2015 om utviding av planområdet planarbeidet: Skredsikring E16 Nærøydalen. Føremålet er å inkludera eit areal som gjer det mogeleg å etablera ny adkomstveg til Sleen og Tveito.

Hordaland fylkeskommune vurderer planutvidinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Relevante planfaglege innspel

Hordaland fylkeskommune ser utviding av planområdet som eit viktig og naudsynt tiltak og har ikkje merknader til at planområdet vert utvida slik det er vist i kart.

#### Kulturminne

Planutvidinga er i eit område der det ikkje er kjent automatisk freda kulturminne. Potensialet for å finna kulturminne er til stades då området ligg solvendt og nær opp til områda som i førhistorisk tid har vore sentrale.

I samband med ei undersøking av massedeponi er det påvist fleire funn sør for vegen og fornminne er alt kjent ved tunområda lenger vest. Me varslar difor at det vil verta stilt krav om arkeologiske undersøkingar jf. kulturminnelova §9.

Me har vore dialog med Statens vegvesen som ynskjer at dette skal verta gjort alt i år. Me vil slik legge trykk på å få denne undersøkinga gjort så snart som råd er.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune har ikkje merknader til at planområdet vert utvida, men stiller krav om arkeologiske undersøkingar i det utvida planområdet.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Nordmark  
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Per Nordmark, planseksjonen, regionalavdelinga

Jostein Aksdal, fylkeskonservatoren

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

MOTTATT

10 JUL 2015

Statens vegvesen  
Region vest

ADVOKAT

Sjur Vinje

I KONTORFELLESSKAP MED ADVOKATER  
MEDLEM AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

2013039275106  
352

Statens Vegvesen  
Region Vest, Askedal 4  
6863 Leikanger

Voss, den 06.07.15  
sv/km/dc

Deres ref: 2013/093275-104

Reidar Sleen, gnr.331 bnr.3 i Voss.

**Skredsikring E16 Nerøydalens- utviding av planområdet.**

Undertegnede representerer ovennevnte som nevnt i tidligere skriv.

På bakgrunn i denne utvidelse som nå varsles, ber jeg om at jeg blir kontaktet, slik at man kan ta en synfaring og se på denne utvidelse.

Bakgrunnen er de store konsekvenser denne utvidelse kan få for min klients eiendom, bolig osv.

Vi ber om snarlig tilbakemelding.

Med hilsen

Sjur Vinje

MOTTATT

28 AUG 2015

Statens vegvesen  
Region vest

ADVOKAT  
*Sjur Vinje* 352  
2013039275- 116

I KONTORFELLESSKAP MED ADVOKATER  
MEDLEM AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Statens Vegvesen Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Voss, den 24.08.15  
sv/ts

Att: Planleggingsleder Synnøve Stalheim

Deres ref: 213/093275-104  
Reidar Sleen – gnr 331 bnr 3 i Voss

Det vises til befaring på ovennevnte eigedom den 19.dm. hvor det fremkom det vil være en fordel å legge den nye gårdsveien til Sleen noe om. Det samme gjelder veien fra denne og ned til bolighuset på gnr 331 bnr 3.

Som vist på ovennevnte befaring, må det tillages en vei slik at man kan komme opp til driftsbygningen med tankbil osv. I den forbindelse vil det være behov for snuplass i dette området idet det ikke blir samme utkjøringsmulighet i dette området som før.

Når det gjelder garasjen er det viktig å få frem at det ikke vil være mulig å bruke den om veien skal komme nærmere enn det er i dag, med de snøforholdene man har i dette området.

Forslag til plassering av ny garasje har man ikke endelig tatt standpunkt til. Dette vil man komme tilbake til.

Ettersom pumpehuset ligger på nedsiden av vegen, vil det være nødvendig å lage vei til dette, slik at man kommer fram til dette. Dette vil også medføre ekstra utgifter til snøbrøyting om vinteren.

Det er viktig at det også blir lagt varerør under veien til bruk for vanntilførsel.

Kanskje det vil svare seg å bore etter vann for Statens Vegvesen?

--

Spreiegrøfter vil bli ødelagt, slik at det må gjøres noe også i den forbindelse.

Det kan ellers nevnes at min klient gjerne tar imot overskuddsmasse av jord i forbindelse med ovennevnte bygging.

--

Min klient har også tatt opp slike forhold som gatebelysning i det nye krysset, busstopp og at det bør være 60 km sone i området.

Støygjerde/støyisolering legger man dette til grunn blir gjort i samsvar til de regler som gjelder.

Min klient er ellers villig til å være med på å drøfte løsninger til fordel for begge parter.

Med hilsen

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Sjur Vinje".

*Kopi sendt:  
Reidar Sleen, Sleensvegen 13, 5713 Vossestrand*

Fra: Stalheim Synnøve <synnove.stalheim@vegvesen.no>  
Sendt: fredag 10. juni 2016 15:15  
Til: Kjersti Næss Finne  
Emne: VS: Merknader til planområdet Sleen og Tveito

Fra: Lars Sleen [mailto:[lar-slee@online.no](mailto:lar-slee@online.no)]  
Sendt: 25. august 2015 21:34  
Til: Firmapost-Vest <[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)>  
Emne: Merknader til planområdet Sleen og Tveito

**Merknader til forslag om massedeponi. Eg Lars S. Sleen kan ikkje godta at det skal deponerast tunellmassar på dyrka mark. Eg driv i dag som heiltids bonde og har ca. 180 dekar som eg haustar vinterfor av, og av desse 180 har dekan planar om å beslaglegge ca. 120 dekar dyrka. Hvis det skjer kan eg ikkje sjå at det går an å drive garden vidare då det ikkje er leigejord å oppdriva i nærområdet. Skal ein få for ifrå andre stader så blir det og vanskelegt med gjødsel då eg har 900-1000m<sup>2</sup> som skal spreiaст på eit gitt område. Etter at jorda er tilbakeført, tar det minst 10 år før eg er oppe i normal avling igjen. Mitt forslag er at massane blir deponert på Nord-Vest sida av eksisterande E16, der stiller eg alt areal som er utmark til disposisjon. Det går i dag ei kraftlinje der, det kjem og ei ny i løpet av året/neste år. Men dei kan vel gravast ned langs eksisterande E16 så det blir meir plass til massane. Ny bru som er planlagt over Storelva hadde det våre ynskjeleg å komme under, da det legg seg mykje lausmassar ovenfor som må fjernast for å hindre flaum. Ny gardsveg Sleen-Tveito har eg ikkje merknad til.**

Lars S. Sleen

*Sigurd Langeland  
Vetleflaten 23, 5700 Voss  
siglan@online.no*

Statens vegvesen Region vest

Epost: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Kunngjering om planarbeid E16 i Voss kommune. Stadnamn.

Statens vegvesen har i sommar hatt kunngjeringar for to planarbeid for E16 i Voss kommune. Det eine var planprogram for «parsellen Tvinde – Sleen», og det andre «ny adkomstveg til områda Sleen og Tveito» i planen «Skredsikring E16 Nærøydalen – utviding av planområdet»

Dette innlegget er ein merknad til vegvesenet si omgåing av vedtekne skrivemåtar for stadnamn.

I fylge stadnamnregisteret – slik det er lagt ut på [www.sestedsnavn.no](http://www.sestedsnavn.no) - skal gardsnamnet Tvinno skrivast Tvinno. Gardsnamnet Slæn skal skrivast Slæn. I stadnamnregisteret går det fram at vedtaket om skrivemåten Slæn vart gjort i 1994. Voss kommune har i 1998 vedteke adressenamnet Slænsvegen for vegen til Slæn og Tveito som vegvesenet no vil regulera om.

Vidare går det fram av stadnamnregisteret at skrivemåten Tvinno er fastsett av Klagenemnda for stadnamnsaker i 1999. Det har altså vore ei omfattande saksbehandling og engasjement både lokalt og inn til Kulturdepartementet for å koma fram til skrivemåte for dei aktuelle stadnamna.

Ut over oppslag på nettstaden [www.sestedsnavn.no](http://www.sestedsnavn.no) er vedteken skrivemåte for stadnamn lett å slå opp på vegvesenet sine grunnkart. Eg konstaterer at i karta som er tatt inn i kunngjeringane, er dei aktuelle namna framheva og skrivemåten bevisst endra frå grunnkartet.

Eg viser til lov om stadnamn § 9: «*Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.*»

Statens vegvesen skal halda seg til stadnamnlova § 9. Det er spesielt viktig når namna vert nytta som ein del av namnet på vegplanen.

Eg ynskjer vegvesenet lukke til med god planlegging av E16 og betre rutinar for bruken av stadnamna langs vegen.

Voss, den 25. august 2015

Med helsing

Sigurd Langeland (sign)

Kopi: Språkrådet, [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)